

Lat stadnamnlova vera som ho er

Buskerud mållag går mot dei endringane i lov om stadnamn som Kulturdepartementet legg opp til i endringsframlegget som vart send på høyring 16. april i år, og som byggjer på stortingsvedtak av 13.1.2010.

Gards- og bruksnamn er som andre stadnamn immaterielle kulturminne som kjem alt folket ved. Det må liggja til demokratiske organ, delegert til styremaktene på ymse nivå, å forvalta skrivemåten av alle offentlege namn i Noreg. Buskerud mållag meiner lov om stadnamn, slik ho *no* er, balanserer ulike interesser i samfunnet. Gards- og bruksnamn er gamle adresser – i førre hundreåret tok mange nordmenn eit gards-/bruksnamn som etternamn, og slektsnamna varierer difor mykje i skrivemåte og er reliktar av gamal skrivesed som kan vere interessant nok som familienamn, men desse private skrivemåtane må ikkje pressast på gardar og gardsbruk – på stader i det offentlege rom som er adresser i vårt kollektive og geografiske minne.

Usemjå om skrivemåtar er ikkje over med dette – dersom gardsbruk no skal ymsa i skrivemåtane og skilja seg frå ein offentleg skrivemåte på gardsvaldet, blir det fort press på avleidde namneformer som i endringsframlegget framleis er meint skal skrivast etter gardsnamnet og i samsvar med lova av i dag og ikkje etter private/lokale skrivemåtar. Til dømes i adressering, der er det kommunen som er vedtaksintans, men skrivemåten i primærleddet, som ofte er eit gardsnamn, skal fylgja skrivemåten som Statens kartverk har vedteke eller sett opp. Bønder på einskildbruk med makt og prestisje vil gjerne ha "sin skrivemåte" på offentlege vegnamn med: Det blir ikkje lett å få folk til å forstå at det er skrivemåten etter stadnamnlova som skal nyttast om garden og gardsvaldet og i all namneavleiing når det er einskildbruk som får godkjentstempla "familiære skrivemåtar", at den avvikande/lokale skrivemåten berre gjeld for ein avgrensa del av eit større gardsvald – ein privat eigedom og ikkje meir enn det.

Buskerud mållag rår ifrå å gjera desse endringane – å gje siste ordet til skiftande private eigarar av gardsbruk er lite til gagn – lova kjem under sterkt press og me ottast ei utholing og med tider ei avviking av lov om stadnamn.

Styret i Buskerud mållag